



Drifta av grøn konsesjon

lokalitet 30196 Ådnekvamme i Masfjorden kommune

Rapport Grøn konsesjon

lokalitet 30196 Ådnekvamme i Masfjorden kommune

Engesund Fiskeoppdrett vart tildelt ein grøn matfiskkonsesjon i kategori C med konsesjonsnummer H FJ0026. Denne vart gyldig frå 22.februar 2016, og vart teken i drift 24.november 2016.

Vilkår for tilsagn

For dei grønne løyvene som vart tildelt i kategori C var eit av krava at ein skulle halde eit lusetal på kjønnsmodne holus under 0,1 per laks og ein heller ikkje skal bruke meir enn to medikamentelle behandlingar i løpet av produksjonssyklusen. Vidare var det krav om å setje i verk tiltak for å redusere risikoen for rømming av fisk. Tiltaka Engesund har sett for å greie desse krava er lista opp under.

Mot rømming:

- Lukka betongflåte i sjø for å produsere postsmolt
- Dei første 16 månadene etter oppstart skal lokaliteten ta i mot postsmolt med storleik rundt 0,4 til 1 kg frå Vik Settefisk AS, jf. løyvedokument 5. april 2016
- Smolt satt i sjø frå 400 gram til 1 000 gram

Mot Lus:


- Bruk av luseskjørt størstedelen av produksjonstida
- Oppdretta reinsefisk (rognkjeks)
- Smolt satt i sjø frå 400 gram til 1 000 gram

Drift og status

24.11.2016 vart 85 000 stk 400 grams smolt sett ut på lokalitet 30196 Ådnekvamme. Sett frå eit overordna perspektiv har utsettet og produksjonen så langt gått etter planen. Produksjonen har berre vore i gong ei kort tid, og nokre tiltak gjenstår å setje i verk. Mellom anna er det å produsere stor smolt frå ein betongflåte, montere luseskjørt, samt å sette ut rognkjeks. Den lukka betongflåten er planlagt bygd hausten 2017, og vil verte testkjørt vinteren 2017/2018. For å komme i gang med produksjonen så snart som mogleg ønska Engesund Fiskeoppdrett å sette ut stor smolt direkte frå smolt-leverandør den første tida, i henhold til vilkåra i tildelinga av løyve. Status for dei øvrige tiltaka samt drifta er omhandla i teksten nedanfor.

Lusetal:

Figur 1 under syner lusetala som har vorte registrert i vekene etter utsettet. I denne fyrste perioden har det vorte telt 20 individ per veke. Som det framgår av grafen er det per dags dato ikkje registrert kjønnsmodne holus.



Figur 1: lusetal etter utsettet 16.11.2016

Lusebehandlinger i 2016

Laksen vart ikkje behandla for lus i 2016. Når det gjeld lusebehandlinger generelt har Engesund først og fremst nytta Thermolicer leigd inn frå ulike aktørar. Erfaringa her i frå syner at ein får vekk mellom 90% og 98% av lusa i bevegelige stadier. Talet på dei fastsittande stadiene vert ikkje nemneverdig redusert. Som med all behandling er det sers viktig å ikkje trenge fisken meir enn nødvendig.

Luseskjørt

Luseskjørt vert installert i løpet av februar/fyrste del av mars. Engesund har tidlegare erfaring med luseskjørt, og veit ifrå den at luseskjørt er eit tiltak som kan utsette eventuelle behandlingar. På straumsterke lokaliteter kan skjørta verte utsett for store påkjenningar, og det er viktig å ta dei opp før eventuelt uvêr. Ådnekvamme er ein skjerma lokalitet, og det er ikkje venta at dette vil verte problem her.

Rognkjeks

Rognkjeks er planlagt satt ut i løpet av mars. Rognkjeksen vert produsert på Vest Aqua Base som Engesund er medeigar i.

Oppsummering

Til no har den grønne konsesjonen vore i drift i litt over 2 månader. Derfor har ein enno ikkje mykje erfaring med driftsforma i den grønne konsesjonen, og korleis ein greier å halde lusegrensene. Likevel kan ein oppsummere med at drifta er i rute, og at ein så langt har klart krava med dei tiltaka som er sett i verk.